# Ny gjødselbrukforskrift

Nye krav, og litt om tiltak


Illustrasjonsbilete: Øyvind Vatshelle

Øyvind Vatshelle
Fagdag bonden, gjødsla og vatnet
Alver

Statsforvaltaren i Vestland


LOVDATA

Søk etter lover, forskrifter, dommer, stortingsvedtak Søk

Logg inn

Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv

Innholdsfortegnelse

Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.

| | |
|---|---|
| Dato | FOR-2025-01-29-115 |
| Departement | Helse- og omsorgsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet |
| Ikrafttredelse | 01.02.2025, 01.01.2026, 01.01.2027, 01.01.2030 |
| Endrer | FOR-2003-07-04-951 |
| Hjemmel | LOV-1981-03-13-6-§9, LOV-1981-03-13-6-§81, LOV-1981-03-13-6-§82, LOV-1995-05-12-23-§3, LOV-1995-05-12-23-§11, LOV-2003-12-19-124-§5, LOV-2003-12-19-124-§6, LOV-2003-12-19-124-§7, LOV-2003-12-19-124-§9, LOV-2003-12-19-124-§11, LOV-2003-12-19-124-§12, LOV-2003-12-19-124-§14, LOV-2003-12-19-124-§15, LOV-2003-12-19-124-§17, LOV-2003-12-19-124-§18, LOV-2003-12-19-124-§23, LOV-2003-12-19-124-§33, FOR-2003-12-19-1790, LOV-2011-06-24-29-§8 [–] Skjul |
| Kunngjort | 04.02.2025 kl. 14.35 |

**Hjemmel:** Fastsatt av Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet 29. januar 2025 med hjemmel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9, § 81 og § 82, lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 11 første ledd, lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven) § 5, § 6, § 7, § 9, § 11, § 12, § 14, § 15, § 17, § 18, § 23 og § 33, forskrift 19. desember 2003 nr. 1790 om myndighetsfordeling etter lov om matproduksjon og mattrygghet mv. og lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) § 8 andre ledd.
**EØS-henvisninger:** EØS-avtalen vedlegg XX kap. II nr. 13b (direktiv 91/676/EØF) og kap. V nr. 32 (direktiv 86/278/EØF som endret ved forordning (EU) 2019/1010).

**Kapitteloversikt:**

Kapittel 1. Innledende bestemmelser (§§ 1 - 3)
Kapittel 2. Krav til oppsamling og lagring av organiske gjødselvarer (§§ 4 - 13)
Kapittel 3. Krav til bruk av gjødselvarer (§§ 14 - 21)
Kapittel 4. Særlige bestemmelser om bruk av gjødselvarer med avløpsslam (§§ 22 - 23)
Kapittel 5. Særlige bestemmelser om bruk av gjødselvarer der bruken reguleres ut fra gjødselvarens tungmetallinnhold (§§ 24 - 25)
Kapittel 6. Krav til plan og dokumentasjon (§§ 26 - 29)
Kapittel 7. Tilsyn, klage, straff mv. (§§ 30 - 34)
Kapittel 8. Ikrafttredelse, overgangsregler og endring av forskriften (§§ 35 - 37)
Vedlegg 1: normtall for forventet mengde fosfor (P) per individ av ulike dyreslag
Vedlegg 2: normtall for forventet mengde nitrogen (N) per individ av ulike dyreslag

# Innhald

1. Tidlegare spreiefrist på hausten
2. Krav til lagring, fôringsplass mm.
3. Krav til max-gjødsling med fosfor
4. Godkjenning for å gjødsle innmarksbeite
5. Avstand til vassdrag
6. Gjødslingsjournal og dokumentasjon
   Gjødslingplan og jordprøver

Forskrifta gjeld alle gjødselslag, inkl. mineralgjødsel

Kommunen har mindre myndigheit til dispensasjonar

Betre oppfølging av regelverket

Foto: Lovdata




*Fig: Gjennomsnittleg innhald av fosfor (P-Al) i jordprøver 2009-2016.*
*Tal frå Nibio, prøver analysert hos Eurofins.*

# Grunnar til nytt, strengare regelverk

## Mykje har endra seg
## Førre forskrift var gamal

- Gjødsling, husdyrproduksjon, utstyr
- Miljøkrav: vasskvalitet, biomangfald, klima
- Ressursutnytting: få mest mogleg ut av næringsstoffa

Det er fosforoverskot i drifta
Fosforoverskot havner i jorda
Fosfor i ferskvatn gir algevekst og dårleg vasskvalitet

**Foto:** Kjersti Isdal / Kart: Statsforvaltaren i Vestland

© Statsforvaltaren i Vestland

## Døme kart, sjå plansjar til slutt

Vassdrag med dårleg vasskvalitet, der næringsavrenning frå jordbruket er medverkande årsak. Vann-Nett og fylkesatlas 2025

Etter vassprøver, kan vere fleire plassar.

**Foto:** Kjersti Isc

© Statsforvaltaren i Vestland

# 1. Spreiefrist og lagerkapasitet



Foto: :Altifilm / landbrukskontoret i Alver

# Spreiefristar for gjødsel og pressaft i Vestland

- ✓ Seinast 15. september
  Overgang 2026: 1. nov. dersom nedmolding. Ikkje tilrådd, søk heller dispensasjon!
  Overgang 2027-28*) 1. nov. dersom nedmolding. Ikkje tilrådd, søk heller dispensasjon!
- ✓ Tidlegast 1. mars
  Overgang 2026: 15. februar
- ✓ Slått, beiting eller etablering av plantevekst etter siste spreiing!
  Kan innebere at siste gjødsling må vere imidten av august?!
  Overgang 2027-28*) Ikkje «haustekrav»
- ✓ Lagerkapasitet min. 8 mnd produksjon, og fram til lovleg spreiing
- ✓ Statsforvaltaren kan gi dispensasjonar berre i særskilte tilfelle

**) Overgang 2027-28 gjeld berre føretak som hadde knapp lagerkapasitet då forskrifta blei innført. Gjeld ikkje ved ombygging til lausdrift / ombygging som aukar gjødselmengda.*



# Lite lagerkapasitet i gjødselkum, Vestland

Tabell 5-2: Gjennomsnittlig antall måneder med lagerkapasitet til inneføring i 2020 etter fylke. Kilde: SSB (upublisert).

| Fylke | Gjødselkjeller for bløtgjødsel (måneder) | Gjødselkum/lagune for bløtgjødsel (måneder) |
|---|---|---|
| Rogaland | 11 | 9 |
| Møre og Romsdal | 11 | 9 |
| Nordland | 11 | 9 |
| Viken og Oslo | 11 | 10 |
| Innlandet | 11 | 10 |
| Vestfold og Telemark | 11 | 10 |
| Agder | 12 | 10 |
| Vestland | 12 | 8 |
| Trøndelag | 11 | 9 |
| Troms og Finnmark | 12 | 10 |
| Hele landet | 11 | 9 |

*Gjennomsnitt* er 8 mnd, mange har mindre

Kjelde: Nibio rapport 8 (47). Foto: Statsforvaltaren i Vestland







# Vestland manglar gjødsellager

*Spørjeundersøking, svar frå 334 bønder i Vestland, feb 2025*
*91 % mjølk, 5 % gris/fjørfe, 4 % kombinasjon*

- 30 % har mindre enn 8 mnd lagerkapasitet
- 65 % spreier gjødsel etter siste hausting

**Foto:** Statsforvaltaren i Vestland





# Når kan du spreie gjødsel på småfebruk

- ✓ Same krav: spreie før 15. sept (§§ 15, 36)
- ✓ Dersom behov for sein haustspreiing av fastgjødsel: må søkje Statsforvaltaren om dispensasjon frå fristen. (§ 32)
- ✓ Lagring av *tørr* småfegjødsel i haugar på bøen gjennom vinteren, spreidd til våren, *kan* vere mogleg dersom (§ 8):
  - Ikkje på flaumutsett område
  - Ikkje i bakke med avrenning til kanal/bekk/elv
  - Slik at regnvatn ikkje renn gjennom haugen
  - Tilrådd: små haugar til bruk på plassen

**Foto:** Norsk landbruksrådgiving. / Øyvind Vatshelle

# 2. Oppsamling og lagring av husdyrgjødsel og silopressaft


Foto: :Kari des Bouvrie




# 5. Husdyrgjødsel og silopressaft, døme

- Nytt fjøs/gjødsellager/silo vekke frå vassdrag (§ 4)
- Fjerne gjødsel frå permanent fôringsplass, luftegard mm (§ 6)
- Kommunen skal ikkje lenger godkjenne før bruk av gjødsellager / silo (§ 7)
- Blir snart innført krav til dekke over lager for grisegjødsel.
- Max 3 år lagring av hestegjødsel mm. (§ 8)
- Oppsamling av pressaft òg frå bakkesilo / plansilo (§ 9)
- Rundballar skal ikkje lagrast på flaumutsett område, og i god avstand frå drenerings-system, vassdrag og sjø (§ 9)
- Ny driftsbygningar skal ha oppsamling av vaskevatn (§ 10)

**Foto:** Øyvind Vatshelle



# Gjødsellager og silo skal vere tett

*Spørjeundersøking i hovudsak mjølkebønder Februar 2025. 334 svar.*

Eldste grassilo i bruk




- 58 % har gamal gjødselport
- 39 % har silopressaft i gjødselkjeller
- 31 % nyttar gamalt gjødsellager på leigejord
- 29 % nyttar silo frå før 1980, eldre enn 45 år gamal
- 13 % har gjødselkum i duk / stål

**Foto:** Anders W. Yri, Asplan Viak / figur: Statsforvaltaren i Vestland





# *Råd* ved bygging av gjødsellager og silo

## - byggteknisk kvalitetssikring

- Drenering rundt lageret, med inspeksjons-kum for kontroll av moglege lekkasjar
- Tappekran skal ha dobbelt og låsbar sikring
- Luker skal vere sikra med lås
- Tappeplass skal vere utforma slik at ein unngå forureining
- Lager, portar og utstyr skal vere godkjend i høve Norsk Standard / andre godkjennings-ordningar
- Stor nok kum for oppsamling av pressaft
- Lager på leigejord: Leigeavtale på minst 10 år

**Foto:** Per Bjorland / Maya Runde Stølen, prosjekt frivillige tiltak i landbruket, (Jæren), silosaftprosjektet

© Statsforvaltaren i Vestland

# 3. Kor mykje gjødsel



Foto: :Norsk landbruksrådgiving



| | 2025 - 2026 | 2027 - 2029 | 2030 - 2032 | 2033 → |
|---|---|---|---|---|
| Rogaland | 3,5 | 3,1 | 3,0 | 2,7 |
| Troms og Finmark | 3,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 |
| Vestland / rest | 3,5 | 2,8 | 2,5 | **2,3** |
| Innmarksbeite | 2,0 | | | |

*Max-grenser for fosfor (kg P/daa), samla for alle gjødselslag.*

# Kor mykje fosfor kan du spreie (§ 20)

Fosforgrensa gjeld for sum av all tilført gjødsel; organisk gjødsel og mineralgjødsel. For føretak som produserer / brukar meir enn 75 kg P:

Trinnvis innskjerping frå no, fram mot 2033.

Alt 1 Følgjer grensa
Alt 2 Balansegjødsling: differansen mellom P inn og P ut må ikkje overstige 1:1

Kan bruke meir fosfor til særleg fosforkrevjande vekster (potet og grønsaker), men ikkje over 3,5 kg utan dispensasjon

**Foto:** Norsk Landbruksrådgiving



# Fosforgrensene er eit kompromiss

- ✓ Mykje svakare P-gjødsling enn i dag
- ✓ Likevel lovleg med sterkare P-gjødsling enn behov

**Dokumentasjon 2023/Planlagte gjødslinger**

**1 Nord og sør av tunet** **65,7 daa** **Eng, 2gj./2sl.** **Siltig mellomsand**
Jordanalyse 2014: pH=5,[illegible] P-Al=21 K-Al=12 KHNO3=33 Leire=0 Mold=4
Beregnet 2023: pH=5,5 K-Al=12

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Forgrøde: Eng, 2gj./2sl. | Avling: 800 | **Behov** | **N:** | **22,4** | **P:** | **1,4** | **K:** | **20,7** | **S:** | **2,9** |
| | | **Tilført** | **N:** | **23,2** | **P:** | **3,0** | **K:** | **17,0** | **S:** | **2,2** |
| | **Husdyrgjødsel Tot-N** | | **N:** | **17,0** | | | | | | |

Vår
3 tonn Blautgjødsel, storfè
35 kg OPTI-NS™ 27% (4S)

Etter 1. høsting
2 tonn Blautgjødsel, storfè
25 kg OPTI-NS™ 27% (4S)

**Foto:** Martin Søgnen, Statsforvaltaren i Vestland

# Fosforgrensa i praksis
# Husdyrgjødsla må bli spreidd på mykje meir areal

| | **2024**<br>**Gamal forskrift om gjødselvare**<br>**4 daa/GDE** | | | | **Frå 2033**<br>**Gjødselbrukforskrift**<br>**2,3 kg P/daa** | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Dyretal** | **GDE** | | **Arealbehov** | **Fosfor** | **Fosfor** | **Arealbehov** | **Auka arealbehov** |
| | **stk** | **dyr/GDE** | **daa/dyr** | **daa** | **kg/stk** | **kg/år** | **daa** | % |
| **Verpehøns** | 7500 | 100 | 0,040 | **300** | 0,12 | 900 | **391** | 30 |
| **Slaktekylling 32-38 dg** | 280000 | 1750 | 0,002 | **640** | 0,0086 | 2408 | **1 047** | 64 |
| **Slaktekylling 40-45 dg** | 280000 | 1750 | 0,002 | **640** | 0,0116 | 3248 | **1412** | 121 |
| **Sau** | 200 | 7 | 0,571 | **114** | **2** | 400 | **174** | 52 |
| **Sau** 4 av 12 mnd i utmark | 200 | | | **76** | | | **116** | 52 |
| **Avlsgris** | 105 | 3 | 1,333 | **140** | 8,1 | 850 | **370** | 164 |
| **Slaktegris** | 2100 | 20 | 0,200 | **420** | 0,37 | 777 | **338** | -20 |
| **Mjølkeku** | 50 | 1 | 4,000 | **200** | 15 | 750 | **326** | 63 |
| **Ungdyr** | 30 | 3 | 1,333 | **40** | 5 | 150 | **65** | 63 |
| **Ammeku** | 25 | 1,5 | 2,667 | **67** | 8 | 200 | **87** | 30 |

© Statsforvalteren i Trøndelag

# Fosforkalkulator på nett (landbruksdirektoratet)

Til instruks

Hvis region og periode ikke velges ligger dagens krav på 3,5 kg P pr daa til grunn (men med nye faktorer for husdyrhold).
Har du lagt inn tall og endrer på Region MÅ du også foreta et nytt valg av periode.

Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.

**Region :** Alle fylker utenom Rogaland, Troms og Finnmark **Periode :** 01.01.2027 – 31.12.2029

01.01.2025 – 31.12.2026
01.01.2027 – 31.12.2029
01.01.2030 – 31.12.2032
01.01.2033

Tillatt mengde P i regionen for 01.01.2027 – 31.12.2029 er 2,8 kg/daa for fulldyrka og overfl.dyrka jord.

**Husdyr fra søknad om produksjonstilskud**

| Dyr | Kode | Dyreslag | Faktor | 1. okt | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Storfe | | Melkekyr: avdrått under 7 tonn=> | | | | |
| | 120 | Melkekyr: avdrått 7 – 9,5 tonn | 15,00 | 33 | 31 | 480 |
| | | Melkekyr: avdrått over 9,5 tonn=> | | | | |
| | 121 | Ammekyr, kalvet de siste 15 måneder | 8,00 | | | |
| | 119 | Ungdyr, slaktevekt 320 kg v/ 18 mnd | 5,00 | 40 | 39 | 198 |
| Sauer | 145 | Søyer, født i fjor eller tidligere | 2,00 | | 25 | 50 |
| | 146 | Værer, født i fjor eller tidligere | 2,00 | | | |
| | 139 | Melkesau, født i fjor eller tidligere | 2,00 | | | |
| Geit | 140 | Melkegeiter | 2,00 | | | |
| | 142 | Ammegeiter | 2,00 | | | |
| Hester | 115 | Hester, under 3 år (i avl eller ikke) | 5,00 | | | |
| | 116 | Hester, 3 år og eldre (i avl eller ikke) | 7,50 | | | |
| | 193 | Hester i pensjon. Ant. beiteuker : | | | | |
| Griser | 155 | Avlspurker, minst ett kull | 8,10 | | | |
| | 155 | Purkering*: avlspurker i nav | 2,40 | | | |
| | 155 | Purkering*: avlspurker i satellitt | 14,30 | | | |
| | 158, 159 | Unggris til avl | 0,53 | | | |
| | Lev.data | Solgte ungpurker/råner >50 kg/>15 uker | 0,53 | | | |
| | 184 el. Lev.data | Slaktegris: vekt < 130 kg | 0,37 | | | |
| | | Slaktegris: vekt > 130 kg | | | | |
| Fjørfe | 161 | Verpe- og rugehøner, > 20 uker | 0,120 | | | |
| | | Avlsdyr høner (slaktekyllingmødre) | 0,250 | | | |
| | 168 | Avlsdyr gjess | 0,250 | | | |
| | 168 | Avlsdyr ender | 0,250 | | | |
| | 168 | Avlsdyr kalkun | 0,250 | | | |
| | 185 | Livkylling, påsatt til verpehøns | 0,014 | | | |
| | 186 | Sl.kylling vokser raskt (levendevekt) <2,3 kg | 0,009 | | | |
| | | Sl.kylling vokser raskt: > 2,3 kg | | | | |
| | | Sl.kylling vokser sakte <2,5 kg | 0,012 | | | |
| | | Sl.kylling vokser sakte > 2,5 kg | | | | |
| | 188 | Slaktekalkuner: slaktevekt inntil 9 kg | 0,106 | | | |
| | 187 | Slakteender | 0,025 | | | |
| | 189 | Slaktegjess | 0,025 | | | |
| | | Sum fosfor på gården pr. år fra husdyr: | | | | 728 |

* For avlspurker, satellitt i purkering: beregnet 1,22 årspurker per avlsdyr, 2,2 kull per purke og 6,5 innsett per dyreplass per år. 2/3 av totalt föropptak (gjødsla) er i satellitt og 1/3 i nav.

**Beite utenom godkjent spredeareal**

| Ant. dyr | Uker | Timer | Sum P |
|---|---|---|---|
| 31 | 5 | 12 | 22,4 |
| 39 | 5 | | 18,8 |
| 25 | 11 | | 10,6 |
| Sum P ved beite utenom spr.areal | | | 51,7 |

**Mineralgjødsel**

| Type | Mengde (kg) | Sum P |
|---|---|---|
| NPK 25-2-6 | 5 400 | 86,4 |
| Biorest. % P | | |
| Sum P fra mineralgjødsel | | 86,4 |

**Godkjent spredeareal**

| Eierskap (PT) | Automatisk godkjent: Fulldyrka jord (daa) | Overfl.dyrka jord (daa) | Sum P | Godkjent netto innmarksbeite: Husdyr- og mineralgj. (daa) | Mineralgjødsel (daa) | Sum P |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Egen jord | 60 | 20 | 224 kg P | | | |
| Leid jord | 90 | 30 | 336 kg P | | | |
| Sum | 150 | 50 | 560 kg P | | | |

| Oppsummering | | | Sum P |
|---|---|---|---|
| P på godkjent spredeareal | fulldyrka og overfl.dyrka | 560 kg P | 560 kg P |
| | godkj. netto innmarksbeite | | |
| + Reduksjon beite utenom godkjent spredeareal | | | 52 kg P |
| - Disponibelt P | fra husdyr | 728 kg P | 814 kg P |
| | disponibel mineralgjødsel | 86 kg P | |
| = Netto fosfor | | | -202 kg P |

**Du må bortskaffe (nabosamarb., biogass ol.)** **202 kg P**

Dette tilsvarer 72 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord eller 101 dekar netto innmarksbeite.

**Egne kommentarer**

## Alle bør rekne situasjonen på eige føretak!

Har eg nok spreieareal for eigen husdyrgjødsel?
Kor mykje manglar?

Ein kan sjå korleis ulike tiltak slår ut, til dømes:

- ❑ leige av areal
- ❑ å kutte ut mineralgjødsel med fosfor

Kva blir situasjonen fram i tid, når krava blir strengare.

*Tips: velg region og periode*

# Teoretisk* spreieareal for kvart føretak

Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

| Fylke | Kommune | Søknadsomgang |
|---|---|---|
| VESTLAND | ALVER | 2024 |

| Org. nummer | Navn | Spredeareal som mangler/Spredeareal man har ekstra 2025-2026 (daa) | Spredeareal som mangler/Spredeareal man har ekstra 2033--> (daa) |
|---|---|---|---|
| | | 569 | 865 |
| | | 393 | 598 |
| | | 378 | 577 |
| | | 254 | 410 |
| | | 266 | 404 |
| | | 157 | 335 |
| | | 166 | 300 |
| | | 99 | 150 |
| | | 89 | 137 |
| | | -8 | 131 |
| | | -67 | 127 |
| | | 69 | 105 |
| | | 28 | 97 |
| | | 52 | 84 |
| | | 2 | 80 |
| | | 32 | 73 |
| | | 48 | 73 |
| | | 28 | 72 |
| | | -2 | 65 |

| | |
|---|---|
| Raud | = manglar spreieareal |
| Grøn | = ledig spreieareal |

| | 2027 | 2033 |
|---|---|---|
| Rogaland | 890 | 1030 |
| Trøndelag | 430 | 590 |
| Innlandet | 420 | 590 |
| Vestland | 350 | 490 |
| Resten av landet | 680 | 940 |
| SUM | **2770** | **3640** |

*Tal føretak som får for lite spreieareal, teoretisk*
*Kjelde: Nibio Rapport 10 (52), tabell 27-30*

* Betre situasjon dersom:
- Bruk av husdyrgjødsel innmarksbeite
- Beitetid i utmark / fjellbeite
- Gjødsel blir gitt vekk

* Verre situasjon dersom:
- Ikkje husdyrgjødsel på alt areal
- Høgare avdrått enn 9,5 tonn (meir fosfor i gjødsla)
- Mineralgjødsel med fosfor, eks 25-2-6 / 22-2-12

Foto:

# Teoretisk* spreieareal for utvalde kommunar (daa) ved innskjerpa krav til fosforgjødsling

Sjølv om det er nok spreieareal i kommunen, er det ikkje sikkert at det ligg i rimeleg køyreavstand eller at det kan brukast!











# Konsekvensar og aktuelle tiltak

## Mjølkebruk, svin og fjørfe:

- ❑ Meir og lengre transport av husdyrgjødsel
  - Til leigejord og innmarksbeite
- ❑ Behov for meir spreieareal:
  - Kjøpe, leige, nydyrking, lage nye innmarksbeite.
- ❑ Gje vekk / selje husdyrgjødsel
  - Til bønder med behov. Meir N-gjødsel for å få same avling. Til biogassanlegg?
- ❑ Mineralgjødsel utan fosfor
- ❑ Balansegjødsling og meir husdyrgjødsel
  - Få store avlingar, Mindre (fosfor i) kraftfôr?
- ❑ Meir beiting i utmark = mindre gjødsel
- ❑ Siste utveg: redusere dyretalet!

## Sauebruk:

- ❑ Evt. fordele sauemøkka på større areal
- ❑ Passe på fosforgrenser og -behov ved evt. mottak av husdyrgjødsel / biorest

**Foto:** Øvst: Øyvind Vatshelle. Nedst: Norsk Landbruksrådgiving




# Balansegjødsling frå 2027

Eit unntak frå fosforgrensene, som *kan* vere aktuelt dersom ein tek så store avlingar at fosforbehovet er høgare enn grensa.

Fosforrekneskap: differansen mellom fosfor inn og fosfor ut må ikkje overstige 1:1

Retningsliner / utrekning blir klart hausten 2026. Nytt: blir vurdert om det skal bli rekna på teignivå heller enn gardsnivå

Må melde til kommunen.
Jordprøver max 4 år gamle.
Framleis max 3,5 kg fosfor pr dekar.

**Foto:** Figur: Landbruks- og matdepartementet / Foto: Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland 

# Unntak frå fosforgrensene



**Potet og grønsaker** (§ 21)

- Er særleg fosforkrevande
- Kan gjødsle etter behov sterkare enn fosforgrenser dersom:
    - det blir rapportert inn til nasjonalt register (når det er klart)
    - det blir gjort tiltak for å avgrense forureining
    - jordprøver er max 4 år gamle

**Foto:** Kari Bysveen, NLR



# Sterkare gjødsling på noko areal er mogleg

1. Ved å gjødsle tilsvarande mindre på anna areal
   Fosforgjødsling meir enn 10 % over grensa må vere grunngitt i gjødslingsplan, **med t.d avlingsnivå**

2. Ved å søkje Statsforvaltaren om dispensasjon til sterkare P-gjødsling
   Til dømes ved nydyrking / dokumentert behov for meir fosfor enn grensa for å ta ut venta avling.

3. Når du har lite husdyrgjødsel sjølv, men tek imot organisk gjødsel
   Du kan gjødsle meir det året du tek imot gjødsel. Fosforgrensa gjeld då som gjennomsnitt over 3 år.

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland



# Å lage nye innmarksbeite etter hogst

- **Skoglova: Fritak frå foryngingsplikta for å omdisponere skog til beite.**
  I dag: kommunen kan gi fritak etter hogst
  Forslag til endra skoglov: søknad *før* hogst

- **EU si avskogingsforordning frå 30.12.2026**
  Kan bli ulovleg å omsetje tømmer mm.
  frå avskoga areal

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland

# Kan biogassanlegg bli til nytte for bonden?

| | Årleg mengd (tonn) | Fosfor (tonn) | Behov spreie-areal 2033 |
|---|---|---|---|
| Matavfall mm. | 10 500 | 10 | 4 350 daa |
| Husdyrgjødsel | 27 000 | 16 | 7 000 daa |
| Fiskeensilasje og fiskeslam | 17 700 | 65 | 28 000 daa |
| **Total** | | **91** | 40 000 daa |

*Døme på fosforkjelder for eit biogassanlegg*



Landbruket i Vestland har ikkje ledig spreie-areal for fosfor frå fiskeoppdrett og matavfall!

## Ønskje:

- Bidra til omfordeling av gjødsel på garden
- Bonden kan levere husdyrgjødsel, og få tilbake mindre fosfor (men like mykje nitrogen)
- Flytande biorest blir brukt til lokalt landbruk
- Fast biorest med meir fosfor blir brukt til gjødselprodukt, for «eksport»

## Det kan bli utfordrande å gi mindre fosfor tilbake til landbruket dersom:

- anlegget tek imot mykje fosfor frå andre kjelder
- anlegget får ikkje separert nok fosfor ut med fast biorest

## Det er ikkje enno utvikla gjødselprodukt frå fast biorest.

Inga løysing å lage jordblanding, jordforbetring, biokull eller å dumpe!

**Foto:** og tabellar: Statsforvaltaren i Vestland

© Statsforvaltaren i Vestland

# 4. Gjødsling på innmarksbeite






# Innmarksbeita er viktig ressurs i Vestland

- ✓ Utgjer nær 40 % av jordbruksarealet i Vestland (meir langs kysten)
- ✓ Nær 60 % av areal innmarksbeite blir gjødsla. 40 % er ugjødsla *
- ✓ mineralgjødsel på nær 50 % husdyrgjødsel på ca. 25 %

**Foto:** Statsforvaltaren i Vestland, frå produksjonstilskot 2023, etter fylke pr. 2023

© Statsforvaltaren i Rogaland og Statsforvaltaren i Vestland



# Innmarksbeita må vere godkjent som spreieareal før du spreier husdyrgjødsel, mineralgjødsel eller kalk!

NB! Gjeld no: Husdyrgjødsel på innmarksbeite krev godkjenning

*Eige søknadsskjema frå kommunen.*
*Hugs uttale frå grunneigar.*

Du slepp normalt ny godkjenning der du har dokument med tidlegare godkjenning.

**Mineralgjødsel og kalk**: til og med 2027 kan du spreie på tidlegare gjødsla beite *

**Nytt beite**: Du kan søkje kommunen om å bruke gylle for å opparbeide nye beite.

** Vist i gjødslingsplan frå 2022 eller 2023*

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland



# Ikkje alt innmarksbeite kan vere spreieareal for gjødsel

Unngå gjødsling på artsrik naturbeitemark!

Heller RMP-tilskot for beiting.

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland 

# 5. Avstand til vassdrag


Foto: :Øyvind Vatshelle



# Unngå gjødsling nær vassdrag

Fulldyrka og overflatedyrka:
Minst 2 meter avstand til vassdrag med årssikker*) vassføring

Innmarksbeite: Minst 6 meter avstand til vassdrag med årssikker*) vassføring

**) = Tørkar ikkje ut oftare enn kvart tiande år.*

*Frysing om vinteren reknast ikkje som uttørking.*

**Foto:** Øyvind Vatshelle




Figur 2. Sammenheng mellom konsentrasjonene av vannløselig fosfor (Vann-P) og P-AL for jord med lettleire fra ulike regioner i Norge (Øgaard m. fl. 2012).

# Undersøking av kant-soner mot vatn på Jæren

**Tett jord gir auka risiko for overflate-avrenning** med fosfor til vassdraget.

- **Kantsonene* har litt <u>mindre tett jord</u>, og vil gi betre reinsing** : Næringsrik overflateavrenning frå enga kan då infiltere, og når ikkje til vassdraget.
- **Kantsonene* har noko <u>mindre fosfor i</u> jord og planter:** Mindre fosfor i jorda gir mindre utlekking av løyst fosfat til vatn.

**Mykje fosfor i graset i enga og i ugjødsla kantsone på seinhausten**, kan bli frigjort i løpet av vinteren. Graset i sona må bli hausta.

Graf: Øgaard, A.F., Kristoffersen, A.Ø. & Pedersen, R. 2012. Fosfor gjødsling betydning for fosforkonsentrasjon i jord og tap til vann. Bioforsk Rapport 7(147). 47 s.

* = ugjødsla kantsone eller naturleg vegetasjon



# Avstand til vassdrag – anna drift

## Plantevernmiddel

- ✓ Min. 3 meter frå overflatevatn evt. større avstand på etikett
- ✓ Forbode i kantsone

## Jordarbeiding

- ✓ Min. 2 meter vegetasjonssone ved årssikker vassføring (kan vere gamal eng og hausting)

## Naturleg vegetasjonsbelte

- ✓ Ikkje lov å fjerne buskar, tre og anna

**Foto:** Øyvind Vatshelle

# 6. Gjødslingsplan, gjødslingsjournal og jordprøver




Statsforvaltaren i Vestland



# Gjødslingsplan NYTT frå 2026

- Alle som gjødslar meir enn 25 daa må ha plan (eller meir enn 5 daa potet / grønsaker)
- Gamle fritak frå krav om plan gjeld ikkje
  Ikkje lenger høve til å søke kommunen om fritak.
  Ved særs ekstensiv drift kan ein søkje Statsforvaltaren om dispensasjon.
- Nytt: Gjødslingsplanen må vise husdyrgjødsel du tek i mot eller gir vekk!
- Gjødslingsplanen må bli oppdatert kvart år!

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland




# Gjødslingsplanen må bli oppdatert *årleg*

Alltid vurdere om attlegg ny plass, fleire dyr, anna mineralgjødsel, endra leigejord, rett årstal mm. RÅD:

Full gjennomgang av gjødslingsplan, når

- Nye jordprøver
- For å klare ny fosforgrense
- Vesentlege endringar: Auka produksjon, endring leigejord...

Kan justere planen sjølv, når

- Mindre endringar: mindre attlegg, bortfall av leigejord som ikkje er avgjerande for spreieareal, mindre endring gjødseltype...

Ny planlagt gjødsling må vere tydeleg
Planen må framleis vise kilo fosfor pr. dekar mm

Kan bruke same plan som førre år, når

- Same arealbruk og gjødslingsbehov på skifta, ikkje fornying

Skriv på vurdering og nytt årstal. Ikkje søknad.

**Foto:** Øyvind Vatshelle



# NYTT frå 2026: Alle må føre gjødseljournal!

- **Alle** skal notere utført gjødsling! på papir eller digitalt ..
  - Òg ved ekstensiv drift
  - Òg om du ikkje må ha gjødslingsplan
- Gjødseljournalen skal vise:
  - kor og når det er gjødsla
  - type og mengd gjødsel
  - kor mykje nitrogen og fosfor for kvart areal
  - kor mykje nitrogen og fosfor totalt

**Foto:** Øyvind Vatshelle




# NYTT frå 2026: Oversikt over gjødsel ein gir vekk/sel eller tek imot

- Om du tek imot organisk gjødsel med meir enn 75 kg fosfor (P) på eitt år: dokumentere mottak.
- Om du gir vekk / selgjer organisk gjødsel med meir enn 75 kg fosfor (P) på eitt år: dokumentere og rapportere.
- Dokumentasjon = lag oversikt med:
  - type gjødsel, mengd
  - kilo fosfor
  - dato og mottakar

*75 kg P = til dømes ca. 150 kubikk gylle frå storfe, eller fastgjødsel frå 45 sauer (3 mnd fjellbeite).*

**Foto:** Norsk landbruksrådgiving



# Jordprøver

- Ulike krav til max alder:
  normalt max 8 år (§ 26)
  max 4 år: balansegjødsling (§ 20)
  max 4 år: potet og grønsaker (§ 21)
  max 2 år: avløpsslam (§ 22)

- Representative jordprøver, koordinatfesta, kan ta ut sjølv.
  Gamle kartfesta prøver er gyldig ut 2029.

- Analyseresultat skal (etter kvart) bli levert inn til offentlig register.

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland 

<table>
<tr><th>Utvalde krav Vestland</th><th>Frå 2025</th><th>2026</th><th>2027</th><th>2028</th><th>2029</th><th>2030</th><th>…</th><th>2033 →</th></tr>
<tr><td>Spreietidspunkt</td><td colspan="2">15. sept utan nedmolding<br>1. nov med nedmolding<br>Ikkje krav om hausting etter gj.<br>15. februar</td><td colspan="2">15. september<br>Hausting etter siste spreiing<br>1. mars<br>Føretak med overgangstid:<br>1. nov med nedmolding.<br>Ikkje krav om hausting etter gj.</td><td colspan="4">15. september<br>Hausting etter siste spreiing (slått, beiting, attlegg)<br>1. Mars</td></tr>
<tr><td>Fosforgrense</td><td colspan="2">3,5 kg P/daa</td><td colspan="3">2,8 kg P/daa</td><td colspan="2">2,5 kg P/daa</td><td>2,3 kg P/daa</td></tr>
<tr><td>grense innmarksbeite</td><td colspan="8">2,0 kg P/daa</td></tr>
<tr><td>Gjødsel innmarksbeite<br>husdyrgjødsel</td><td colspan="8">6 meter avstand til vassdrag<br>Søknadspliktig. Godkjenningar gitt før 1. feb 2025 gjeld framleis</td></tr>
<tr><td>mineralgjødsel</td><td colspan="3">Tillate der gjødslingsplan frå 2022 / 2023 viser at det blei brukt mineralgjødsel før 1. feb 2025</td><td colspan="5">Søknadspliktig</td></tr>
<tr><td>Gjødslingsplan</td><td>Som før<br>Gamle fritak ok</td><td colspan="7">§ 26: Nye krav til kven som skal ha gjødslingsplan.<br>Kommunen kan ikkje gi fritak, Statsforvaltaren kan vurdere dispensasjon.</td></tr>
<tr><td>Gjødseljournal</td><td>Ikkje krav</td><td colspan="7">§ 27: Alle skal føre journal,<br>òg dei som ikkje har krav om gjødslingsplan</td></tr>
<tr><td>Oversikt over gjødsel «bortskaffa» eller motteke meir enn 75 kg P</td><td>Ikkje konkret krav</td><td colspan="7">§ 27: Dokumentasjon når eit tek imot eller leverer bort større mengder organisk gjødsel.<br>(Når system for rapportering er klart: Krav om innrapportering av bortlevering.)</td></tr>
<tr><td>Jordprøver</td><td colspan="5">Jordprøver tatt før 2025 er godkjent så lenge dei er kartfesta mm.<br>(Når system for rapportering er klart: Krav om innrapportering av analyseresultat)</td><td colspan="3">Uttak og analyse av jordprøver skal følge krav i § 29</td></tr>
<tr><td>Bruk av avløpsslam</td><td colspan="5"></td><td colspan="3">Ikkje tillate dersom P-Al >= 14<br>Maks 25 kg P/daa i tiårsperiode</td></tr>
</table>

© Statsforvaltaren i Vestland




# Rettleiing og søknad

Spørsmål kan rettast til kommunen!

- Rettleiing frå landbruksdirektoratet
- Kommentar/rundskriv landbruksdirektoratet
- Fosforkalkulator (landbruksdirektoratet)
- Nettsak om nye krav (Statsforvaltaren)
- Innmarksbeite som spreieareal (Statsforvaltaren)
  Søknad direkte til kommunen, evt. eige skjema
- Spreiefrist for gjødsel – søknadsskjema
- Nye krav til gjødslingsplan og gjødseljournal, 2026
- med meir ...

Foto:

Ta med heim:

- ✓ Søk om godkjenning no dersom du vil gjødsle innmarksbeite i år
- ✓ Start tidleg: rekne eigen arealsituasjon fram i tid
- ✓ Vurdere gjødsellager, transport og spreiing
- ✓ Få oversikt over gjødslingsplan, notat med utført gjødsling mm

**Øyvind Vatshelle**
seniorrådgjevar
oyvind.vatshelle@statsforvalteren.no
Tlf 55572178

Statsforvaltaren i Vestland

**Facebook** @SFVestland
**Twitter** @SFVestland
**LinkedIn** @SFVestland

**Abonner på nyhende** www.statsforvaltaren.no/vl



**Foto:** Øyvind Vatshelle




# Vassdrag med dårleg vasskvalitet grunna nærings-avrenning frå jordbruket

Etter vassprøver, kan vere fleire plassar

Kjelde: Fylkesatlas og Vann-Nett




# Døme Gloppen

Vassdrag med dårleg vasskvalitet, der næringsavrenning frå jordbruket er medverkande årsak.

Vann-Nett og fylkesatlas 2025

Det kan òg vere dårleg vasskvalitet andre plassar, utan at det er målt med vassprøve.

## Teiknforklaring

**Private avløp 2018**

- Slamavskiljar

**Kantsone i eng - elver**

Kantsone i eng - elver

**Kantsone i eng - alle**

Kantsone i eng - alle

**Jordbruksareal**

- Fulldyrka jord
- Overflatedyrka jord
- Innmarksbeite

**Foto:** Fylkesatlas Vestland




Storelva og bekker (Myking – Natås mm)

## Teiknforklaring

**Private avløp 2020**
- Slamavskiljar
- Tett tank
- Minirenseanlegg
- Anna

**Kantsone i eng - elver**
- Kantsone i eng

**Kantsone i eng - innsjøer**
- Kantsone i eng

- Driftsenter i Vestland

**Jordbruksareal**
- Fulldyrka jord
- Overflatedyrka jord
- Innmarksbeite

**Kantsone i eng - nedbørfelt elvemusling**
- Kantsone i eng - nedbørfelt elvemusling

# Døme frå Nordhordland: vassdrag med dårleg vasskvalitet, der næringsavrenning frå jordbruket er medverkande årsak.

Vann-Nett og fylkesatlas 2026

## Etter vassprøver, kan vere fleire plassar.




Mjåtveitvassdraget og Brakstadvassdraget (Holsnøy)




Hallandsvassdraget mm (Radøy)




# Døme frå Osterøy

Vassdrag med dårleg vasskvalitet, der næringsavrenning frå jordbruket er medverkande årsak. Vann-Nett og fylkesatlas 2025

Etter vassprøver, kan vere fleire plassar.

Inkl vassdrag med elvemusling (blå felt).




# Døme frå Kvam

Vassdrag med dårleg vasskvalitet, der næringsavrenning frå jordbruket er medverkande årsak. Vann-Nett og fylkesatlas 2025

Etter vassprøver, kan vere fleire plassar.

Inkl vassdrag med elvemusling (blå felt).